



Geir Enes i snikkarverkstaden sin. Her syner han fram den nyinnkjøpte saka.

Geir Enes er ein 'handy' mann. I lòa på Nedre Fet, i tunet saman med Elins Matgleder, har han rigga seg til med snikkarverkstad. Her prøver han ut produkta sine og har alt no eit vareutval på om lag 20 ulike produkt. Det meste er småmøblar laga på mål slik kunden vil ha det, men det kan gjerne vera større møblar som spisebord og langbenker. Geir er nøyen med materialane. Han plukkar ut det beste frå Hestad si sag i Omvikdalen.



Lampe med emne frå eigen skog.

Av dette lagar han møblar, lampar, hyller og installasjonar til utstillingar. Det neste no er spisebord med langbenk til. Mange av produkta høver godt som hyttemøblar og i naust. Mange av møblane er beisa. Understellet på eit bord er målt. Men all overflatebehandling vert gjort slik kunden vil ha det. Derom du har eit spesielt ynskje, kom med eit interiørbilete eller ein skisse. Geir hentar fram gode løysingar frå katalogar og set raskt i produksjon og stiller ut.

Geir Enes likar å gå i eigen skog for å finna emne til lampar. Større og grovare møblar kan gjerne lagast på den plassen det skal stå. I snikkarverkstaden finn vi nytt utstyr, fres og sag. All kapping og slissing vert gjort på saga.

Geir Enes har i mange år drive eige selskap som konsulent på større prosjekt. Det har vorte mykje reising i inn- og utland og ikkje minst dagpendling til Stord. No vil han roa ned litt og prøva noko nytt. Geirs Snikkerier har eiga Facebookside. Her finn du meir informasjon med bilete.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Geirs Snikkerier har eit vareutval på 20 ulike produkt. Her vert nokre småmøblar brukt i utstilling.